



Nasjonalparkstyret  
for Jotunheimen  
og Utladalen

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 10.03.2025  
**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 9/2025	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 10/2025	Referatsaker		
ST 11/2025	Delegerte vedtak		
4/2025	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen NP - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Revidert Motorferdselplan 2025-2027 - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS		2018/618
ST 12/2025	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midlar til tiltak i verneområde - naturrestaurering - SNO-ressursar - 2025		2024/12570
ST 13/2025	Utladalen LVO - Utsiktspunkt Vettisfossen - Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)		2025/1849
ST 14/2025	Eventuelt		

**ST 9/2025 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 10/2025 Referatsaker**  
**ST 11/2025 Delegerte vedtak**  
**4/2025 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen NP - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Revidert Motorferdselplan 2025-2027 - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS 2018/618**

# Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2024/12570-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	12/2025	10.03.2025

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midlar til tiltak i verneområde - naturrestaurering - SNO-ressursar - 2025

### Innstilling frå forvaltar

Det vart søkt om totalt 1.825.000 kroner, fordelt på 1.115.000 til tiltak i forvaltningsbudsjettet og 710.000 til skjøtsel (SNO-budsjett). Skjøtselstiltak under SNO-budsjett er innvilga fullt ut. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen registrerer at tildelt beløp 900.000 for tiltak med tilrettelegging ligg på ca. 80 % av innmeldt behov/søknad. Jotunheimen er eit svært trafikkert område med stort behov for tilrettelegging og stiskjøtsel for å førebyggje og reparere erosjonsskader. Det kan verta behov for å søke om tilleggsmidlar til tiltak dersom det blir opna for dette i løpet av året.

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og til planarbeid.

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 340.000
Arbeid med forvaltningsplan / besøksstrategi	kr. 80.000
Grunnstøtte drift	kr. 100.000*
Sum løyving under post 14.20.21	kr. 520.000

2. Grunnstøtte drift på 100.000\* løyvd over post 14.20.21 – skisse til fordeling  
Kan bli justert/endra, basert på behovsvurderingar undervegs gjennom året.

Vedlikehalde og supplere tilrettelegging – jf. besøksstrategien	100.000
Vedlikehald og mindre tiltak ved innfallsportane - Utkikkspunkt Sognefjellet, kanalisering / oppgrusing av tilrettelagt sti - Stell av området ved innfallsport til Utladalen (avtale besøkssenter) - Utsiktpunkt Vettisfossen - Forvaltning/Drift /Vedlikehald	60.000
Årlege driftskostnader på etablerte tiltak - Drift innfallsport Veodalen (tømming av utedo og søppel) - Drift ved Sognefjellshytta, demontering og oppsett av rekkverk - Tilsyn/vedlikehald av boltar/kjetting - Bukkelægeret og Besseggstien	20.000
Til disposisjon, vedlikehald/drift elles	20.000

3. Drift av sekretariatet inngår i budsjetttramme for Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland. Nasjonalparkstyret legg til grunn at løyvingane til sekretariat blir tilpassa det behovet ein har for å kunne følgje opp arbeidet med kunnskapsbasert forvaltning av verneområda. Styret finn det uheldig dersom budsjettet ikkje gjev rom for å følgje opp med nødvendige synfaringar og deltaking på møte og samlingar som krev reiser. Budsjettet må ta høgde for at deltaking på landsdekkande fagsamlingar som kan krevje flyreiser og ekstra overnattingar – dette gjeld særleg for stillinga plassert på vestsida.

4. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer dei 900.000 kr. i tiltaksmidlar som er løyvd med økonomiansvar hos forvaltninga for 2025 slik:

<b>A. Skilt, informasjonstiltak</b>	
Natursti Gjendeosen-Hamnsanden. Startskilt natursti Utladalen	75.000
Utsifting og fornying av tavler ved innfallsportar	50.000
Informasjonsplakatar Fortun	50.000
<b>B. Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen</b>	
Oppgradering og sikringstiltak på sti Vetti-Vettismorki	325.000
Stiltak Gjendebuområdet, mot Storådalen og Veslådalen	225.000
Forprosjekt og strakstiltak Bessegg-stien opp frå Memurubu	50.000
Sikringstiltak Bukkelægeret og Veslløyfte - skifte boltar, forlengje kjetting	50.000
FDV-plan for sikringstiltak Jotunheimen og Utladalen	50.000
<b>C. Skjøtsel</b>	
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	25.000

Forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar mellom tiltak dersom det blir meir eller mindre forbruk enn stipulert. Styret blir orientert i påfølgjande møte.

5. Skjøtselsmidlar forvalta av SNO-Jotunheimen er tildelt i tråd med søknaden:

Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	300.000
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	200.000
Styving/rising av alm og lind i heimre Utladalen	60.000
Krattrydding/vedlikehald kulturlandskap Øvre Utladalen	40.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	110.000
Kratt-/skogrydding Gjendebuområdet. Overført tenestekjøp SNO-fjellstyret	0
Slått av kve ved Gjendebu, annakvart år. Sist utført 2024. Ikkje slått i 2025	0
<b>Sum skjøtselstiltak (direkte løyving SNO-budsjett)</b>	<b>710.000</b>

SNO og forvaltarane har fullmakt til å gjera mindre interne omprioriteringar ved behov.

6. Plassering av dei tildelte ferdselsteljarane (eco-counter) blir prioritert slik:
- 1) Teljing ved Vetti opp mot Vettismorki, for å følgje utviklinga på tal besøkande før og etter tilrettelegging med nytt utsiktspunkt og ny sjølvbeteningshytte på Vettismorki.
  - 2) Knutshøe, for å få oppdaterte tal i eit område med ferdselsutfordringar og forsøk på styring av ferdsel til etter 1. juli gjennom pilotprosjekt i UT.no.
  - 3) Skagastølsdalen, for å få eit inntrykk av tal besøkande inn mot Hurrungane / Vest-Jotunheimen i sommarhalvåret
  - 4) Galdhøpiggen frå Juvflye, for å få eit inntrykk av samla ferdsel mot Piggen på berrmark.
  - 5) Vesleløyfte, Besseggenstien. Teljing på same plass som 2017-24, for å kunne følgje utviklinga ved Nasjonal Turiststi Besseggen over ein lengre periode.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Sak 47/2024 i møte 20.11.24 i Nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument: *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midlar til tiltak i verneområde og naturrestaurering, samt SNO-ressursar i verneområde - 2025*
- Brev av 07.11.24 frå Miljødirektoratet - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressursar i verneområder – 2025.

- Miljødirektoratet - *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025*
- Vågå fjellstyre v/ Oskar Pettersen - Rapport 11.07.24 – Utført klopplegging / stitilrettelegging Leirungsdalen 2024 og oversikt over gjenstående behov.
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Søknad om tiltaksmidler 2025, Elektronisk søknadssenter (ESS) 10.01.2025.
- Tildeling av tiltaksmidler 2025, Miljødirektoratet (ESS), behandling.
- Tildeling av midlar til styret og planarbeid – Miljødirektoratet (ESS).
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene.*

## Saksopplysningar

På grunnlag av vurderingar i styresak 47/2024 vart det søkt om midlar til tilrettelegging og skjøtsel. Miljødirektoratet har gjeve slik tildeling via elektronisk søknadssenter (ESS):

### Midler til tiltak i verneområder (kap 1420 post 31) - 2025

Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig
Stitiltak Besseggen-stien/andre trafikkerte strekn			Forvaltningsmyndighet
Sikringstiltak/klopplegging, sti Vetti-Vettismorki			Forvaltningsmyndighet
Natursti ved Gjende - oppgradering			Forvaltningsmyndighet
Utskifting av skilt ved innfallsportar			Forvaltningsmyndighet
Styrt beite ved Gjendebru (geit)			Forvaltningsmyndighet
Slått Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	OK	300 000	Lokalt SNO
Styrt beite Skåri, Avdalen, Vetti i Utladalen	OK	200 000	Lokalt SNO
Styving/rising av alm og lind	OK	60 000	Lokalt SNO
Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen	OK	40 000	Lokalt SNO
Styrt beite ved Gjendebru (storfe)	OK	110 000	Lokalt SNO
Ferdselsteljarar			Lokalt SNO
Samlet pott	OK - inngår i pott	900 000	Forvaltningsmyndighet
		1 610 000	

Søknad om midlar til styre og planarbeid vart innvilga i tråd med søknad:

Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen/Utladalen 2025	Innvilget	440 000	Innvilget 340 000,- til drift av styret + 100 000,- i grunnstøtte drift.
Forvaltningsplan og besøksstrategi	Innvilget	80 000	
		520 000	

Frå 2024 har det kome til ei ordning for grunnstøtte/drift, og vi fekk 100.000 kr også i år. Desse kan nyttast til mindre tiltak og vedlikehald. Til vidare arbeid med forvaltningsplan og besøksstrategi vart det løyvd 80.000, og for styret er budsjettet 340.000.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, og forvaltar verneområda i medhald av vedtekter, sist revidert 19.01.2024. Siste avsnitt i pkt. 6.6 i vedtektene gjev slike føringar:

*«Nasjonalpark-/verneområdestyret tildeles etter søknad til Miljødirektoratet årlig midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i henhold til vedtatte forvaltnings- og skjøtelsesplaner. Tildelingene skjer ut ifra de budsjettmessige rammer det enkelte året. Nasjonalpark-/verneområdestyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings- og tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.»*

## Vurdering

I sak 47/2024 var det vedteke å søke om tiltaksmidlar for følgjande formål:  
Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Vedlikehald og fornying av tiltak ved innfallsportane (informasjonstavler, m.m.)
- Formidling av ulike verneverdiar gjennom temabrosjyrar, naturstig og liknande.
- Oppdatere og tilpasse dei besøksretta heimesidene, [www.jotunheimen.info](http://www.jotunheimen.info), med informasjon om dei to nye besøkssentera for Jotunheimen nasjonalpark.

### Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.

- Større tiltak på Bessegg-stien opp frå Memurubu
- Gammalt rekkverk (stolpar/vaier) på stien opp på Vettismorki frå Vetti; Etter vurdering av fagperson våren 2025 blir det laga plan for alternative løysingar med nye boltar og kjetting i berget på innsida. Gamle innretningar fjernast når det nye blir etablert.
- Legging av kavler/halvklovningar på strekninga med slitasje/erosjon frå brua Morka-Koldeøla – utsiktspunktet ved Vettisfossen – Vettismorki.
- Vurdere vedlikehald og førebyggjande tiltak på andre stiar med slitasje / erosjon eller behov for kanalisering: Bessegg-stien ved Bandet og området rundt Veslløyfte, sti frå Gjende mot Svartdalen, stiar rundt Gjendebu og mot Storådalen, og evt. andre lokalitetar.

### Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg (budsjett SNO-Jotunheimen):

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen
- Styrt beite ved Gjendebu (storfe)

- *Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet*
- *Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år, i tråd med tilråding frå Miljøfaglig utredning. Det var slått i 2024 og neste gong blir dermed i 2026.*

Posten for skjøtsel med geit i Gjendebuområdet vart frå 2025 overført til forvaltningsbudsjett:

- *Styrt beite ved Gjendebu (geit)*

#### Drift og planarbeid

Innmeldt behov for drift av styret er budsjettert ut frå 3-4 fysiske møte, der eitt av desse er eit todagars møte saman med Rådggjevande utval. For arbeid med forvaltningsplanen er det sett av midlar til møteverksemd og tenestekjøp frå fagpersonar til fagutgreiing i møte eller anna.

#### Tiltak og skjøtsel

Søknaden om tiltaksmidlar hadde eit svært nøkternt nivå, med nødvendig vedlikehald av eit stinett som har generelt stor belastning og ekstra stor erosjon som følgje av meir regn og overflateavrenning dei seinare åra. Det er sett opp med det ein ser som eit minimumsbehov for å oppretthalde nødvendig standard på stinettet. Det vart søkt om totalt 1.825.000 kroner, fordelt på 1.115.000 til tiltak i forvaltningsbudsjettet og 710.000 til skjøtsel under SNO-budsjettet. Søknad om skjøtselstiltak under SNO-budsjett er innvilga fullt ut, og vil bli utført under leiing av SNO-Jotunheimen. Fordeling på deltiltak skjøtsel går fram av tildelinga.

Tiltak for tilrettelegging i regi av forvaltninga er tildelt 900.000 kr, eller 80 % av omsøkt beløp. Det må derfor prioriterast innan løyvd ramme for tiltak. Slik det ser ut vil ein greitt tilpasse seg årets ramme, ved at ein etter dialog med Stiskulen i SNO har kome fram til at tiltak på Besseggstien opp frå Memurubu har behov for eit forprosjekt for planlegging av detaljar, og at ein dermed ikkje har behov for det større beløpet det var søkt om før til neste år.

#### Besseggen-stien opp frå Memurubu

På grunnlag av rapport frå Lom fjellstyre i september 2024 ser ein behov for oppfølgande tiltak. Som strakstiltak bør det byggast vassrenner for å ta hand om vatn i øvre del før ein kjem inn på høgda av fjellryggen. Det er utvida sti og registrert slitasje på sidene på enkelte parti, men før ein eventuelt går vidare med eit større stiltak bør det gjennomførast eit forprosjekt som grunnlag for ei eventuell utlysing av tiltak med steinsetting og større stiltak. Stiskulen i SNO er invitert til synfaring i juni 2025, saman med SNO-Jotunheimen og Lom fjellstyre. Større tiltak på Besseggstien vil bli nærare planlagt i samråd med Stiskulen/SNO.

#### Stien Vetti-Vettismorki

Utsiktpunkt Vettisfossen med ny plattform vart opna i juni 2023, men det står att litt på stiane i tilknytning til anlegget. Gamle rekkverk/vaier på stien opp frå Vetti må skiftast ut / supplerast med annan type sikring. Stien frå brua over Morka-Koldedøla fram til utsiktpunktet har vore utsett for stor slitasje etter opning av utsiktpunktet. Det er jordbotn i området og endringane skjer fort.

Sommaren og hausten 2024 var svært blaut med mykje regn i Utladalen. Samstundes registrerte vi ein betydeleg auke i ferdsele på stien frå Vetti til utsiktpunkt Vettisfossen, frå 6 911 passeringar i 2021 (før utsiktpunktet vart bygd) – 12 115 passeringar i 2023 (året utsiktpunktet og ny sjølvbetent hytte på Vettismorki opna) – 36 790 passeringar i 2024.

I dette området er det behov for kavlegging eller gangbaner på blaute parti for å unngå at stien vidar seg ut med fleire parallelle trakk.

Av omsyn til fugleliv og friluftsliv/turisme må arbeidet utførast på hausten, og det blir gjennomført synfaring med fagperson på sikring i mai 2025, før ein lagar detaljprosjektet.



### Andre stiltak

Det er årleg behov for vedlikehald av stinettet for å hindre og førebygge erosjon på strekningar med høg ferdsel og slitasje. Stinettet rundt Gjendebru er prega av generell slitasje og påfølgande erosjon etter store nedbørmengder. Stiltak på stiane mot Veslådalen og Storådalen med bortleiing av vatn og punktutbetring rundt enkelte blaute parti blir prioritert. Det er dialog med Lom fjellstyre om utføring, da dei kjenner området svært godt og kan leige inn ekstra sommarhjelp for utføring av manuelt arbeid i statsallmenninga. Dei er også aktuelle for gjennomføring av strakstiltak i form av vassrenner på Besseggstien opp frå Memurubu. Plan for vidare tiltak på strekninga kjem etter synfaring med SNO/Stiskulen.

Innmeldt ønske for utbetring av stien frå Gjendebru mot Svartdalen blir utsett inntil ein har prøvd ut betre skilting der stien er dekt av snø første del av sommaren.

Knutshø-stien på retur gjennom Øvre Leirungsdalen er svært opptrakka i enkelte blaute parti, og det vart inngått hausten 2023 avtale med Vågå fjellstyre om utlegging av gangbaner, i tråd med tiltaksliste i rapport frå fjellstyret. Første del gjennomført i 2024, og ein legg opp til arbeid av tilsvarande omfang i 2025 for å få dekt registrerte behov som står att – jf. rapport 11.07.24. Gangbaner transporterast ut med snøskuter våren 2025, og blir montert i terrenget ut på sommaren. Det er umerka sti, men tiltak blir utført for å hindre at trakket spreier seg utover i sårbar vegetasjon på våtmark nede i Øvre Leirungsdalen. Bilete frå rapporten viser at det på enkelte plassar vil vera behov for supplering med meir klopplegging.

### Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien:

Fornyng av informasjonstavler til nytt design ved alle sentrale innfallsportar har vore gjennomført trinn for trinn, i tråd med besøksstrategien. Nasjonalparkkartet vart revidert i 2024, for å få inn dei to nye informasjonssentra og oppdatere kartet på generelt grunnlag. Alle karttavlene i standard format 70x100 cm vart bestilt for oppgradering i 2024, og blir utplasserte til sesongstart i år. Oppgradering av karttavlene i format 90x120 cm står att.

Tabellen under viser status for dei ulike innfallsportane, med tiltak utført i tråd med merkevaren (grøn), under arbeid (lysegrøn) og tiltak planlagt (lyseblå). Utan farge er punkt for vidare vurdering:

<b>Utkikkspunkt</b>	
Pilot innfallsport Sognefjellshytta	Pilotsatsing, inkl. gangbru og opparbeidd sti, 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med aluminiumstavler i 2021. Rekkverk utskifta med ei ny løysing som blir demontert kvar haust for å unngå snøskader (driftskostnad).
Pilot innfallsport Sognefjellshytta, tilpassing og ferdigstilling rundt ny terrasse	Gangveg for kanalisering av gangtrafikk mot brua frå aust vart ferdigstilt i 2023. Framtidig vedlikehaldsgrusing av gangvegssystem blir dekt over grunnstøtte drift.
Sikteskive der ein ser mot Fannaråken Hurrungane og Smørstabbtindane,. Namn på fjelltoppane er gravert på sikteskiva.	Ferdigstilt 2023, reklamasjon på oppripa aluminiumsplate, til utbetring før sesongen 2025.
<b>Startpunkt</b>	
<b>Skiltstativ med nye stålskilt</b> Krossbu og Turtagrø	Del av pilotprosjektet, Utført 2018. Reklamasjon på glastavler, erstatta med nye aluminiumstavler i 2021.
<b>Skilt samlokalisert med andre</b> Tavler Gjendeosen og Reinsvangen	Samarbeid med Nasjonale Turistveger, 2019
<b>Nye skilt på eksisterande stativ</b> Juvflya Gjendebru og Memurubu	Del av pilotprosjektet, utført 2018 Utskifting gamle skilt 2018, falma skilt fornya 2023

Kolledalen	Utskifting med ny karttavle, utplassering i 2025
Eidsbugarden	Erstatta skilt med eitt i nytt design 2020. Format tilpassa kommunal informasjonstavle.
	Øydelagt skilt må skiftast, etter dialog med Vang kommune.
Glitterheim ved bom i Veodalen	Erstatta portstolpar med markørar i nytt design 2020. Utskifting skilt, eksisterande stativ 2019-21.
	Oppfølging: oppdatere kartttavla i format 90x120 cm.
Utladalen / Hjelle	Tavler montert på cortenstål på oppgradert parkeringsplass, Karttavle med revidert kart til utplassering 2025.
Spiterstulen/Visdalen og Leirvassbu	Ombruk av stativ/skifertavler. Trykk 2021, montert i 2022
	Oppfølging: oppdatere kartttavlene i format 90x120 cm.
Utsiktsplattform Vettisfossen	Forprosjekt 2020. Prosjekt 2021. Bygd 2022. Opna juni 2023.
	Plan for forvaltning/drift/vedlikehald. Vidareføre stiltak.
<b>Nye tavler og andre tiltak med utforming etter merkevaren</b>	
Bygdin	Tavle ved brygga, gammal design, bør skiftast når endeleg plassering av brygge er avklara i reg.plan
Vargebakkane og Valdresflya?	Avhengig av ev. infopunkt i regi av Turistvegprosjektet
Eidsbugarden / Tyinkrysset (Fv. 53)	Samarbeid med Statens vegvesen?
Vegaskjelet kryss Fv 55 mot Leirvassbu	Samarbeid med Turistvegprosjektet ?
Infopunkt Beitostølen	Det har vore kontakt med Langsua NP, med tanke på å få etablert nasjonalparkinformasjon på reiselivsdestinasjonen som kanalisere mange besøkande inn i verneområda. Samarbeidsmøte gjennomført i 2021. Øystre Slidre kommune tek opp spørsmålet i samband med utvida vern.
Felles infopunkt i Gaupne	Samarbeid med Jostedalsbreen og Breheimen NP-styre

### Andre infopunkt

Utskifting av tavler ved brygga på autsida av Bygdin er sett på vent, inntil framdrift på ei planlagt flytting av brygga er avklara. Andre nye informasjonspunkt langs Fv. 51 kan bli vurdert. Infopunkt ved Tyinkrysset (Fv. 53) må vurderast i samarbeid med Statens Vegvesen.

Nye informasjonsskilt ved start på turen mot Knutshøe er produsert, blir utplasserte i 2025.

### Naturstiar

i samarbeid med Utladalen nasjonalparksenter vart det i 2024 etablert ny natursti langs Vettisvegen i Utladalen. Stien formidlar kunnskap om natur-, kultur- og landskapsverdiene i området. Startskilt ved parkeringa er under planlegging saman med nasjonalparksenteret.

Naturstigen langs Gjende mot Hamnsanden er eit lågterskeltilbod som vart etablert i 2013. Ny natursti i tråd med gjeldande designmanual er under arbeid. Gamle tavler vil bli fjerna, og nye vippe-skilt i tråd med designmanual blir sett opp i 2025. Kostnad fundament ca 55.000. Arbeid med utplassering kjem i tillegg. Stien er eit samarbeid med Vågå fjellstyre.

Samarbeidsprosjektet om natursti med hovudtema kvartærgeologi frå Krossbu mot Bøverbreen fekk litt av tiltaksmidlane i 2024 for betre skilting ved start av stien. Frist for gjennomføring er før sommarsesongen i år.

### Temabrosjyre dyre- og planteliv

Det er fleire som ønskjer informasjon om dyre- og planteliv. Ein hadde tidlegare ein brosjyre om fuglelivet i verneområdet. Nå definert som tiltak utanfor postformål av Miljødirektoratet.

### Drift, m.m.

Drift av etablerte tiltak (m.a. toalett ved parkering i Veodalen) krev om lag 5.-10.000 årleg. Tilsyn og vedlikehald av den nye utsiktsplattforma ved Vettisfossen og tilsyn med gjerdet langs stien som vart lagt om, må forankrast i ein fast avtale som er under arbeid. Vedlikehald av dreneringsmassane rundt plattforma kan bli aktuelt med nokre års mellomrom. Kostnad med dette innarbeidast i driftsbudsjett.

Rekkverk ut mot gangbrua over Fantesteinvatnet må takast ned kvar haust og monterast opp ved sesongstart. Kostnader blir dekt over grunnstøtte drift. Eventuell vedlikehaldsgrusing av gangvegen vil bli aktuelt med nokre års mellomrom. Blir fylgd opp etter vurdering av behov og i tråd med tilgjengelege ressursar på vedlikehaldsbudsjett.

### Skjøtsel (skjøtselsbudsjett administrert av SNO):

Skjøtsel ved Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført, i tråd med strategi for bruk av tiltaksmidlar som seier at igangsett skjøtsel må ha prioritet.

Skjøtsel ved Gjendebu skjer i tråd med tilrådingane i evalueringsrapport frå Miljøfaglig Utredning frå 2011. Det er her etablert eit godt samarbeid med Storådalen beitelag, Lom fjellstyre og verten på Gjendebu. Skjøtsel ved hjelp av geiter er frå 2025 lagt inn under forvaltningsbudsjettet. Det andre blir fylgd opp av SNO.

Å ta vare på kulturlandskapet er ein viktig del av verneformålet med Utladalen landskapsvernområde. Skjøtselstiltaka i Utladalen har derfor gått over fleire år og er omfattande. Arbeidet blir utført i nært samarbeid med Utladalen Besøksenter. Skjøtsel i Øvre Utladalen vart i 2021 utvida til å omfatte kulturlandskapet rundt Skogadalsbøen, i tillegg til vedlikehald av kulturlandskapet ved dei gamle sela i Guridalen, men det vart ikkje utført skjøtsel i Øvre Utladalen i 2024. Ein tek sikte på å få det på plass att i 2025, og få ei forpliktande avtale med nokon som har kapasitet til å gjennomføre.

Etablerte område med styving av alm blir vidareført. Område med haustingsskog har verdi både i høve til biologisk mangfald og formidlingsverdi overfor besøkande.

Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande, og krev innsats over tid. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen, og vurderast konkret sett i høve verneformålet. Ved behov for strengare prioriteringar må verneverdi/verneformål vektleggast. Tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket har stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Ein oppdatert skjøtselsplan vil danne grunnlaget for korleis ein bør prioritere områda med aktiv skjøtsel innan Utladalen LVO. Revidert skjøtselsplanutkast frå 2022 manglar formell godkjenning, og dette er planlagt ferdigstilt i 2025. Involvering av alle grunneigarar viktig.

Fordeling av skjøtselsmidlane er i tråd med søknad og tildeling.

### Nettsider

Publikumsretta nettside [www.jotunheimen.info](http://www.jotunheimen.info) vart etablert i 2020, med tekst på norsk, engelsk og tysk. Det er inngått avtale med eit firma om teknisk vedlikehald. Dette og evt. tenestekjøp for redigering vert dekt av driftsbudsjett. Forvaltarane driftar nettstaden [www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/](http://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/) som er styret sine heimesider.

### Ferdselsteljing

Ferdslsregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar. Ein bør ha teljing over minst to år på andre prioriterte punkt, for å unngå tilfeldige utslag. Vi vonar å kunne disponere 5 teljarar også i 2025. Det er ønskeleg

med kontinuitet, og særleg på Knutshøe og i området mot Vettisfossen. Ved Knutshøe er det via UT.no ei varslingsoppmodar for folk til å leggje turen til etter 1. juli, for å unngå uroing i hekkesesongen for rovfugl og sårbare fugleartar i våtmarksområdet i Øvre Leirungsdalen.

Teljing ved Vetti gard i Utladalen opp mot Vettismorki viste ein markant auke frå 12115 passeringar i 2023 til 36864 i 2024. Ein reknar med at den nye utsiktsplattforma og ny DNT-sjølvbeteringshytte på Vettismorki som bege vart opna i 2023 har medverka sterkt til auken. Auken er så stor at ein ser behov for supplerande teljing i 2025 for å få stadfesta om det nye nivået på ferdsel er så høgt som teljinga i 2024 tyder på. Registreringane bør gå over tid for å sjå korleis ferdselsmønsteret mot Vettismorki og topp/fot av fossen utviklar seg.

Det er ønskeleg å ha best mogleg kunnskap om ferdsel inn mot villreinområdet i Vest-Jotunheimen. Det har vore teljing ved Ekrehytta, før stien deler seg mot Utladalen og Fannaråken, både i 2020 og 2021. Teljar vart flytta til Skagastølsdalen i 2022, men tala frå 2023 og 2024 bør kvalitetssikrast. Det har vore tekniske problem med teljaren her, og må følgjast opp nærare av SNO.

Det var teljar på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen i 2018 og i 2021. For å få samla trafikkital for Galdhøpiggen var det teljing på ruta frå Juvvasshytta i 2022 og 2024. Denne må også følgjast opp i 2025, for å få betre kvalitet på tala. Det er vanskeleg å få total oversikt fordi noko av trafikken går utanom teljepunktet på forsommaren når det er snø i terrenget.

Besseggen har vore sett i samanheng med *Nasjonale Turiststi Besseggen* og dei pågåande arbeida ved Gjende knytt til *Nasjonale Turistveger*, og det har vore årleg teljing i 2017-2024 for å følgje utviklinga som skjer i takt med ulike andre tiltak i området. Fortsatt teljing er viktig for å følgje utviklinga ved Nasjonal Turiststi Besseggen, men dersom vi får færre teljarar kan vi på dette punktet også støtte oss til tal frå Gjendebåten som indikator på trafikken. Samla passasjertal på Gjendebåten ligg 8.-10.000 over trafikkital på ferdselsteljaren ved Veslløyfte.

Der ein har hatt ferdselsregistreringar har vi registrert ein vesentleg auke i Jotunheimen det siste tiåret, og det er viktig for forvaltninga å få gode tal for dei mest sentrale innfallsportane.

## **Generell oppsummering – Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien**

Oppfølging av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 har vore prioritert, og innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» blir gjennomført trinn for trinn.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane, og til å gje besøkande gode naturopplevingar. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet.

## **Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar**

Det er stort behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingar av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar.

Sårbarheitsvurdering og kartleggingar er teke inn som eit ledd i forvaltningsplanarbeidet. Med slike utgreiingar vil ein få eit betre kunnskapsgrunnlag for planrevisjonen. Eit særleg fokusområde vil vera Turtagrø – Hurrungane med tanke på villrein og ferdselsutfordringar.

Det er også ønskeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

Også kartlegging med verdivurdering av geologiske førekomstar vil vera av stor verdi.

# Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2025/1849-0

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 03.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	13/2025	10.03.2025

## Utladalen LVO - Utsiktspunkt Vettisfossen - Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det blir inngått to avtalar for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) for anlegget ved Utsiktspunkt Vettisfossen.

Utsiktspunktet skal følgjast opp ved årleg synfaring og gjennomgang av anlegget slik det er skildra i instruksen. Det skal gjerast avtale med fagperson for inspeksjon og gjennomgang av anlegget kvar vår, og med ein lokal aktør for jamleg tilsyn gjennom sesongen. Detaljar i instruksen, som kor ofte anlegget skal inspiserast, kan bli justert i samråd med prosjekterande/byggeleiar etter garantisynfaringa. Forvaltarane kan føreta justering av instruksen i samsvar med råd/tilbakemelding frå aktørane som inspiserer anlegget. Styret blir orientert i påfølgjande møte.

Det skal setjast av årlege driftsmidlar til oppfølging av instruksen, føresett løyving av driftsmidlar til nasjonalparkstyret over post 142021-21 i statsbudsjettet.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Notat Sluttrapport Utsiktspunkt Vettisfossen, Asplan Viak 2023
- E-post frå Gjeraldstveit av 29.11.2022, Dokumentasjon stål Vettisfossen
- E-post frå Ekehaug Maskin av
- E-post frå DIFK (sendt via Ragnhild Momrak) av 07.02.2022 om råd om FDV
- Forslag til FDV-instruks utarbeidd i samråd med byggeleiar på prosjektet

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn

Ved Vettisfossen har det vore ei utsiktsrampe i meir enn 100 år. Den gamle installasjonen var moden for utskifting. Det gamle gjerdet ute på kanten, og plattformen var i ei slik forfatning at Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen såg fjerning og nybygg som den einaste utvegen. Nasjonalparkstyret meinte at å fjerne det utslitne anlegget utan å erstatte det med noko nytt var uaktuelt, då ein ikkje kan hindre at folk går den velkjende ruta for å kunne sjå fossen ovanfrå på kanten av juvet.


Etter oppdrag frå nasjonalparkstyret gjennomførte Dronninga landskap ein muligheitsstudie, Vettisfossen utsiktspunkt, hausten 2020.

Sommaren 2021 vart det gjennomført eit forprosjekt, inkludert laserskanning og ei geoteknisk vurdering, som viste at stien og den gamle plattformen dels låg på eit overheng prega av sprekker og sleppesoner. Ein konkluderte derfor med at stien måtte flyttast inn på trygg grunn.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen etablerte eit samarbeid med Utladalen Naturhus i 2021 for å skifte ut den gamle utsiktsplattformen. Nasjonalparkstyret stod som byggherre for ny plattform som vart oppført hausten 2022.

Arbeidet omfatta:

- Plattform av cor-ten stål (5170 kg)
  - Prefabrikkert i 5 deler og satt saman på byggeplassen
  - 4 løft med vanleg helikopter (<1 tonn per hiv)
  - 1 løft med super puma helikopter (3,15 tonn)
- Betongfundament etter «mastestabb»-prinsipp (Statnett)
  - 4 betongstabbar forankra i fjell med bergboltar
- Fylling rundt plattformen med stadeigne massar, men supplert med elvebreddemassar frå Morka-Koldedøla.
- Gjerde (182 m) for å leia folk vekk frå ustabil fjellskrent og inn til trygt utsiktspunkt



OPPRISS NORDSIDE 1:100

Figur1 Utklipp frå «som-bygt teikning» L012.

### Medverkande

Byggherre: Statsforvalteren i Innlandet / Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, i samarbeid med Utladalen Naturhus

Hovudentreprenør: Ekehaug Maskin AS

Stålkonstruksjon: Gjeraldstveit Mekaniske AS

Landskapsarkitekt: Dronninga Landskap AS

Ingeniør: DIFK Florian Kosche AS

Geologi/geoteknikk: ingeniør Tore Valstad

Byggeleiing: Per Sigve Selseng, Asplan Viak

SNO Jotunheimen: Fagleg leiing av arbeidet med omlegging av sti, revegetering og legging

av nye kavler.

Utladalen Naturhus: Revegetering, legging av kavler og oppsetting av informasjonsplakatar.

## Prosjektering

Anlegget var tilstrekkeleg prosjektert til tilbudsutlysning. Etter kontrahering, fekk utførande moglegheit til å påverka tekniske løysingar, slik at plattform kunne byggast på ein effektiv måte. Dette handla både om tilgjenge på typar av stål, tilrettelegging for mest mogleg prefabrikkering på verkstad og om sjølve monteringa ved Vettisfossen.

Prosjekterande justerte og kontrollerte arbeidsgrunnlaget slik at plattform skulle kunne settast i hop av tre lette og eit tungt element etter utførande sin plan (men vart til slutt 5 element, forklart nærmare i kap. 3.4, Notat Sluttrapport Utsiktspunkt Vettisfossen, Asplan Viak 2023). Det vart gjort følgjande tilpassingar:

- H-bjelkar vart erstatta med platesveist bjelkekonstruksjon.
- Det tyngste elementet skulle vera størst mogleg og samstundes mindre enn 3,7 tonn. Dette medførte valet av tynnare plater enn først planlagt
- I vekt enda heile stålkonstruksjonen på 5170 kg mot 7900 kg frå konkurransegrunnlaget.

Byggearbeidet er grundig skildra i Notat - Sluttrapport frå Asplan Viak av 07.03.2023, og inkluderer skildring av rigg og drift, terrengarbeid, grunnarbeid, fundament – betongsøyler med fjellboltar, stålkonstruksjon – plattform, gjerde osv.

## Om FDV står følgjande i sluttrapporten:

### 5.1. Dokumentasjon

Følgjande FDV er levert frå entreprenøren:

- Kamstål – Norsk Stål AS
- Ferdigblanda betong – Ryfoss Betong AS
- Bruksanvisning stålturedskap – Stropp AS
- Wire ropes 10 mm (gjerdeveier) – Brunton Wire Ropes CO
- Nonset 50 (ekspanderande mørtel for gysing av fjellboltar) – Mapei
- Ytelseserklæring - Gjeraldstveit Mekaniske AS
- Netting til rekkverk (vaier, nett og augebolt i syrefast stål) – Carl Stahl Architektur
- Gjengestang (stang, skive, mutter i syrefast stål) – Wurth Norge AS
- Plater Cor-ten (6, 10, 15, 20 mm) «Inspection Certificate» – Norsk Stål AS

### 5.2. Entreprenøren om vedlikehald

Utdrag frå epost frå Gjeraldstveit:

«Når det gjeld vedlikehald av konstruksjonar laga av sakte-korroderande stål, også kalla Cor-ten, så er det sjølv sagt søkelys på rustutvikling som er viktig.

Det er viktig å tenke på at også dette stålet korroderer, men 6-8 gonger saktare enn vanleg konstruksjonstål. Ein visuell kontroll kombinert med skrapeprøve på mest kritiske punkt er på sin plass når det har gått noko tid (4 år).

Unngå at stålet har direkte kontakt med jord og myr som konstant tilfører fuktigheit til stålet.»

### 5.3. Prosjekterande om vedlikehald

“Med utgangspunkt i tidlige prosjekter og valgte materialer anser jeg følgende som hensiktsmessig:

- Konstruksjon skal inspiseres årlig etter vinteren for åpenbare skader som eksessiv rust, lokale brudd, hærverk og lokale deformasjoner eller nedbøyninger av hele



*konstruksjon. Inspeksjon kan utføres av ukyndig etter anvisning/opplæring fra sakkyndig ( gjerne DIFK) og dokumenteres med bilder.*

- *Rekkverk og sikker adkomst kontrolleres på tilsvarende måte.*
- *Rengjøring etter behov bør fokusere på å unngå stående vann inntil konstruksjonsdeler, det vil si kontroll at tiltenkt drenering fungerer.*

*Det kan være flere punkter, men så langt ser jeg ingen grunn til mere omfattende tiltak. Disse kan være inspeksjon fra utside (ikke så relevant fordi de største kreftene oppstår ved fundamentene) eller kontroll av nedgravde oppleggspunkter (disse vil utformes på en trygg måte med gode marginer)»*

#### 5.4. FDV-instruks

*Nasjonalparkstyret har oppretta eigen FDV-instruks. Det vesentlege i denne er inspeksjonar og reingjering. FDV-instruksen vert vedlagt.*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av styrevedtekter, sist revidert 19.01.2024.

## Vurdering

Nasjonalparkstyret v/Statsforvalteren i Innlandet står som eigar av installasjonen, og vil vera ansvarleg for tilsyn og vedlikehald. Det er derfor behov for ein FDV-instruks for oppfølging av anlegget.

Utfordringa kan vere å få slike FDV-instruksar detaljerte nok, og ikkje minst sett i eit system slik at det blir gjennomført. Dette prøver vi å imøtegå her.

Råd om FDV er innhenta i samråd med byggeleiar, jf. Notat Sluttrapport Utsiktspunkt Vettisfossen, Asplan Viak 2023. Vurderingane frå entreprenøren og prosjekterande er gjevne att i kapittelet ovanfor om FDV og dannar grunnlaget for forslag til FDV-instruks.

Forslaget til FDV-instruks er tidlegare gjennomgått saman med byggeleiar som har gitt konkrete innspel og råd. Med bakgrunn i råda til FDV frå DIFK og entreprenøren meiner vi det er viktig med jamleg og tett oppfølging av anlegget kvar vår og månadleg gjennom sesongen. Anlegget må også sjåast til om hausten for vurdering av evt. tiltak før neste sesong.

DIFK skriv i sitt råd m.a. at: *Konstruksjon skal inspiseres årlig etter vinteren for åpenbare skader som eksessiv rust, lokale brudd, hærverk og lokale deformasjoner eller nedbøyninger av hele konstruksjon. Inspeksjon kan utføres av ukyndig etter anvisning/opplæring fra sakkyndig (gjerne DIFK) og dokumenteres med bilder.*

Med bakgrunn i dette følgjer forslag om ein detaljert instruks. Punkta som skal følgjast opp er lista opp i instruksen, med tiltakspunkt, detaljert skildring av det einskilde tiltaket, ansvarleg og tidspunkt for gjennomføring. I instruksen er det føreslått at ein fagperson inspiserer og gjennomgår anlegget kvar vår. Vi ser det som føremålstenleg at vurdering av skader som eksessiv rust, lokale brot og deformasjonar, kontroll av drenering, kontroll av stålflater som planheit/ending i planheit, sveiar og svikt i materialar etc., samt kontroll av flettverk på plattformar blir gjennomført av ein fagperson for å vareta fagleg kvalitet på inspeksjonen. Fagpersonen skal senda rapport til nasjonalparkstyret etter inspeksjon kvar vår. Våren 2025 blir det planlagt med garantisynfaring saman med byggeleiar og prosjekterande (5-års garanti).

Vi føreslår også at fagpersonen kontrollerer anlegget i tråd med instruksen kvart 4. år, og kvart 10. år skal det gjennomførast ein total inspeksjon av konstruksjonen av fagkyndig.



For gjennomføring av jamleg tilsyn med utsiktsplattforma i tråd med FDV-instruksen gjennom sesongen vil det vera ein fordel om den/dei som skal gjennomføra tilsynet ikkje har lang reiseveg. Utladalen Naturhus tok del i prosjektarbeidet og Utladalen nasjonalparksenter er no ein sentral aktør i Utladalen. Utladalen nasjonalparksenter stiller seg positive til at det blir inngått ein avtale for å følgje opp den delen av instruksjonen som gjeld månadleg tilsyn gjennom sesongen. Vesentleg her er å halde plattforma og drenerande steinmassar fri for jord og organisk materiale. Utladalen nasjonalparksenter skal senda årleg rapport etter siste tilsyn, kvar haust til nasjonalparkstyret.

Utsiktspunktet er ikkje tilrettelagt for vinterbruk, og anlegget er ikkje ope vinterstid, men det er heller ikkje fysisk stengt om vinteren. Vettisvegen er ikkje vinterbrøytta, dette avgrensar ferdsla til utsiktspunktet til ei viss grad. Det er derfor ikkje lagt opp til vinterdrift av anlegget, og vi rår til at det blir utarbeidd eit skilt som informerer om stengt anlegg og at all ferdsel på utsiktspunktet er på eige ansvar. Dette skiltet kan setjast opp i innfallsporten v/parkeringa eller ved nasjonalparksenteret og det bør også informerast om dette på nasjonalparkstyret sine heimesider.

Med bakgrunn i vurderinga over vil det vera behov for å sette av årlege driftsmidlar for oppfølging av FDV-instruksen for utsiktspunkt Vettisfossen. Basert på tilbakemeldingar frå aktørane som gjennomfører tilsyn med anlegget kan instruksjonen bli justert, t.d. når det gjeld behovet for å slakke/stramme gjerdet kvar haust/vår og hyppigheit av inspeksjon.

# FDV-Instruks

## UTSIKTPUNKT VETTISFOSSEN

### FDV-Instruks

Dato:

Utført av:

OMRÅDE	TILTAKSPUNKT	TILTAK	ANSVAR	MERKNAD
Heile anlegget	Generelt	Synfaring og gjennomgang av heile anlegget ved åpning.	Fagperson	Ved åpning kvar vår i løpet av mai
		Konstruksjonen skal inspiserast kvar vår for åpenbare skader som ekssiv rust, lokale brot, hervært og lokale deformasjonar eller nedbyggingar. Dokumenterast med bilete.	Fagperson	Kvar vår innan mai
		Måking av sne og stramming av gjerde. Dersom anlegget blir åpna for all sne er smelta, må måking av sne skje med utstyr som ikkje medfører fare for skade på underlaget (drenerande steinmassar og stålkonstruksjon).	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår innan mai
		Anlegget skal til ei kvar tid holdast ryddig, fritt for søppel, graffiti, klistremerke, hengelsår mm.	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår og 1 gong per måned i turistsesongen
		Visuell kontroll kombinert med skraperprøve på mest kritiske punkt	Fagperson	Kvart 4. år. Utførest av fagperson
		Total inspeksjon av stålkonstruksjonen utført av fagperson	Fagperson	Kvart 10. år. Utførest av fagperson
	Fundament	Kontrollere at drenering fungerer. Sjå etter avrenning på undersida under taket.	Fagperson	Kvar vår
		Kontroll av nedgravde oppleggspunkt. Sjekk bolting ved framre Fundament på undersida. Sjekk også punktet nordvest på utsida ved å ta bort litt stein	Fagperson	Kvart 4. år. Utførest av fagperson
	Drenerande steinmassar	Drenerande steinmassar i og rundt konstruksjonen, skal holdast reine og fri for mose, jord, etc. Kostast min. 1 gong pr. sesong før 1. juni om nødvendig. Ugroas som veks opp langs kantar skal fjernast.	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår
		Påfylling av drenerande stein ved behov.	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen etter rapport frå Utladalen nasjonalparksenter	Behov vurderast av Utladalen Naturhus kvar haust
Sjekk om stein blir kasta utfor kanten		Utladalen nasjonalparksenter/nasjonalparkforvaltar	Årleg	
støtflater	Haldast reine og feilast for jord og gras ved behov.	Utladalen nasjonalparksenter	Ca. ein gong i månaden i perioden mai-oktober	
	Kontrollere visuelt for evt. skader. 1 gong årleg.	Fagperson	Kvar vår innan mai	
	Kontrollere planheitt/ending i planheitt	Fagperson	Kvar vår innan mai	
	Rensing av drenerande rene i golvet på rampa. 1 gong årleg.	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår innan mai	
	Kontroll underside plattform for visuell kontroll av konstruksjonen mht. sveiar, evt. svikt i materialar etc.	Fagperson	Årleg innan mai	
Flettverk plattform	Kontrollere at drenering fungerer, unngå ståande vatn og jord inntil konstruksjonsdeler	Fagperson	Kvar vår innan mai	
	Inspeksjon av konstruksjonen frå utsida	Fagperson	Kvar vår innan mai	
	Flettverket i fronten på plattform skal kontrollert grundig ved åpning av anlegget. Bl.a. for skader/hol i flettverk. Sjekk strømming	Fagperson	Kvar vår innan mai	
	Flettverket kontrollert visuelt for skader. Ved skade, vurder om det kan løvast.	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår og kvar måned i sesongen	
	Ved mekaniske skader på flettverket, skal monter eller leverandør kontaktast.	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen etter rapport frå fagperson/Utladalen nasjonalparksenter	Ved hending	
	Vurdere behov for reingjøring av flettverk	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår	
Rekkverk/gjerde	Rekkverk kontrollert visuelt for skader ein gong årleg ved åpning av anlegget. Kontrollere wire og feste for wire, wire som har forskyvd seg, ekssiv rust, lokale brot, deformasjonar, netbyggingar osv. Dokumenterast med bilete.	Fagperson	Kvar vår ved åpning av anlegget innan mai	
	Oppstramming/nedtaking av wire kvar vår/haust ved åpning og stenging av anlegget	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår ved åpning av anlegget innan mai	
	Wire skal smørjast kvar haust	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar haust	
	Fjerne hengelsår, graffiti eller andre "markører"	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar måned i turistsesongen mai-oktober	
	Fjerne uønska vegetasjon som veks oppetter gjerdet	Utladalen nasjonalparksenter	Kvart 3. år	
Benk	Kontrollere understell for skader og hærverk	Fagperson	Kvar vår ved åpning, innan mai	
OMRÅDE	TILTAKSPUNKT	TILTAK	ANSVAR	MERKNAD
	Skilt	Kontrollere at skilt/ståltavler står i posisjon etter vinteren	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår, ved åpning og når ein likevel er i området
	3 opplysningskilt	Kontrollere skilt og plakatar for skader og hærverk	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår, ved åpning og når ein likevel er i området
	3x2 fareskilt	Kontrollere skilt og plakatar for skader og hærverk	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår, ved åpning og når ein likevel er i området
	Sårbar vegetasjon	Kontrollere skilt og plakatar for skader og hærverk	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår, ved åpning og når ein likevel er i området
		Fjerne vegetasjon som veks oppetter skilta	Utladalen nasjonalparksenter	Kvar vår
		Oppsett/nedtaking av skilt som informerer om stengt anlegg	Utladalen nasjonalparksenter	Ved åpning og stenging for sesongen
	Sti (grassti)	Påfylling av gras, planering av gropar og andre sår, legging av kavler og step-stones ved behov.	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	Årleg vurdering om hausten
	Landskapspleie Utsiktpunkt	Rydde vekk busker og kratt som veks inntil konstruksjonen	Utladalen nasjonalparksenter	Årleg
Rydde busker og kratt som måtte vere skjemmande for utsikt til fossen, opne einskilde punkt i samråd med forvaltar		Utladalen nasjonalparksenter	Kvart 3. år	
Fjerne oppsamla gras, jord og stein på uønska stader (ved konstruksjonen)		Utladalen nasjonalparksenter	Årleg	
Rapportering	Det skal sendast årleg rapport om oppfølging av FDV-instruksen til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.	Fagperson/Utladalen nasjonalparksenter	Årleg, innan 1. juni (fagperson)/1. desember (Naturhuset)	
	Fortlepende dialog med nasjonalparkforvaltar ved oppdagging av uønska hendingar/aktivitet/tilstand ved anlegget.	Fagperson/Utladalen nasjonalparksenter	Ved hending	
<p><b>Utdrag frå Notat Sluttrapport Utsiktpunkt Vettisfossen - Asplan Viak v/Per Sigve Selseng 07.02.23</b>  <b>Tiltaka ovanfor skal tilfredsstillende følgjande krav til FDV:</b></p>				
<p><b>5.2. Entreprenøren om vedlikehald</b></p> <p>Utdrag frå epost frå Gjeråldstveit:          «Når det gjeld vedlikehald av konstruksjonar laga av sakte-korroderande stål, også kalla Cor-ten, så er det sjølvsagt særskilt viktig på rustutvikling som er viktig.</p> <p>Det er viktig å tenke på at også dette stålet korroderer, men 6-8 gonger saktare enn vanleg konstruksjonstål. Ein visuell kontroll kombinert med skraperprøve på mest kritiske punkt er på sin plass når det har gått noko tid (4 år).</p> <p>Unngå at stålet har direkte kontakt med jord og myr som konstant tilfører fuktighet til stålet.»</p>				
<p><b>5.3. Prosjekterande om vedlikehald</b></p> <p>Henta frå epost frå DIFK til Eldrid Nedrelo:</p> <p>"Med utgangspunkt i tidligere prosjekter og valgte materialer anser jeg følgende som hensiktsmessig:</p> <p>Konstruksjon skal inspiseres årlig etter vinteren for åpenbare skader som ekssiv rust, lokale brudd, hærverk og lokale deformasjonar eller nedbyggingar av heile konstruksjon. Inspeksjon kan utføres av ukynndig etter anvisning/opplæring frå sakkynndig (gjørne DIFK) og dokumenteres med bilder.</p> <p>Rekkverk og sikker adkomst kontrolleres på tilsvarende måte.</p> <p>Reingjøring etter behov ber fokusere på å unngå stående vann inntil konstruksjonsdeler, det vil si kontroll at tiltenkt drenering fungerer.</p> <p>Det kan være flere punkter, men så langt ser jeg ingen grunn til mere omfattende tiltak. Disse kan være inspeksjon frå utsida (ikke så relevant fordi de største kreflene oppstår ved fundamentene) eller kontroll av nedgravde oppleggspunkter (disse vil utføres på en trygg måte med gode marginer)"</p>				

**ST 14/2025 Eventuelt**